



Referat

Styremøte 5/2022

Dato/tid/stad	06.09.2022 kl 17:00 Teams/klubbhuset
Deltakarar	Til stade: Johnny Skjerping, Lena Vassli, Morten Knapstad, Malene Hetle Hole, Sondre Mundal Eikeland og David Møller Ikkje til stade: Einar Såkvitne
Leiar	Johnny Skjerping
Skrivar/referent	Lena Vassli

REFERAT

Godkjenning av innkalling:

Godkjend

<i>Sak nummer</i>	<i>Innhald</i>	<i>Innlegg</i>	<i>Diskusjon/konklusjon</i>	<i>Ansvar</i>
37/22	Brev frå medlem	Johnny Morten Sondre David Lena	Brevet blei ikkje delt med styret enno, men blir delt seinare. Styreleiar viser til tidlegare sak om å innføre eit kvalitetssystem i klubben. Dette vil styret saman med dagleg leiar arbeide med. Systemet vil gå på rutinar for ulike rollar i klubben (styret, skulesjef, dagleg leiar osv.)	Johnny
38/22	E-post frå medlem	Morten David	Styret sett pris på dei gode innspela.	



		Johnny	Hytta på start og opptrekksbåten blir orientert om i egne saker. Styret ser viktigheita i å ha mangfald i utval og vil jobbe for å ha det. Med nyansatt dagleg leiar vil det bli meir fokus på sosiale møter i klubben. Dagleg leiar vil presentere styret i sosiale medier og vil aktivt jobbe med synligheita til styret framover.	
39/22	E-post frå medlem	Johnny Morten Lena Sondre	Styret vil undersøke saka og kome tilbake med meir informasjon. Masta (6m) på start er planlagd å setjast på sørsida av gangvegen, ovanfor start. VossFiber er dei som er ansvarleg for masta. Avtalen er at VossFiber får sette opp masta inntil hytteveggen viss dei dekkar kostnadar for fiberlegging til hytta.	
40/22	Klubbhuset - innredning	David Morten Johnny	Dagleg leiar går til anskaffelse av nokre sofaer og andre møblar som gjer klubbhuset meir egna for sosialt. Det blir også teke ein større gjennomgang av klubbhuset med rydding av utstyr og innredning. Det vil bli utarbeida eit budsjett for oppussinga.	Dagleg leiar
41/22	Veststarten Hangur	Morten David Johnny	Styret vil delegere arbeidet med veststart på Hanguren til dagleg leiar. Det er forslag på tre ulike startar	Dagleg leiar



		Lena Sondre	<p>oppe på Hanguren som fungerer på vest. Det vil bli laga ei liste over startar som treng vedlikehald, og denne vil bli arbeida gjennom i prioritert rekkjefølgje.</p> <p>Det blir ikkje satt i gang noko dugnad på vest-starten enno, men det vil bli arbeida med å skaffe nødvendige godkjenningar.</p>	
42/22	Dugnad Tverrberg	Morten David Lena Johnny	<p>Styret vil gje dagleg leiar ansvar for å avtale rydding av start og organisere dugnad på start.</p>	Dagleg leiar
43/22	Sosial kveld - boblefootball	Morten David Sondre Johnny	<p>Pristilbod frå Vossamoro på 395,- per person. Forslag om å setje ei maksgrense på kor mange som kan melde seg på. Ha ein symbolsk eigeandel.</p> <p>Det vil bli høyrte med fleire aktivitetssfirma om tilbod på aktivitetar.</p> <p>Dagleg leiar tek vidare ansvar for dette.</p>	
44/22	System for planlegging av styremøter	Morten David Johnny Sondre	<p>Dagleg leiar sett opp forslag på styremøter fram til neste årsmøte.</p> <p>Alle i styret skal sende sin kalender til dagleg leiar innan vekeslutt.</p>	
45/22	Hytta på start	Johnny Morten	<p>Arkitekten skal ha betaling for sitt arbeid. Byggmester har blitt bedt om</p>	



		David Lena	<p>å gje eit anslag på kostnader for bygging av hytta.</p> <p>Det blir ikkje bygd noko hytte på start før me har konkret informasjon om tippemiddel og prisanslag. Det vil bli tatt opp igjen så fort me har informasjonen me treng.</p>	
46/22	Opptreksbåt	Morten	Dagleg leiar undersøkar status på opptreksbåt hjå verkstad og Einar.	
47/22	Klubbil	Johnny Morten David	Styret gje dagleg leiar mandat til å starte arbeidet med å anskaffe ny klubbil.	
YMSE	Anna Vindpølse 1.vara	Morten Johnny Malene Sondre Lena	<p>Lage ei liste over stader klubben skal setje opp vêrstasjon i prioritert rekkjefølgje. Innspel frå medlem om å setja opp på Vikafjellet.</p> <p>Bytte vindpølsa på hovudlanding ved vogna. Setje opp ei ny vindpølse på kulturhuset. Bestille med Voss Paragliderservice.</p> <p>1.vara, Morten Knapstad, er no tilsett som dagleg leiar i klubben. Han går då ut av styret. Valkomiteen innstille ny vara til styret.</p> <p>Dagleg leia opprettar ein e-post til styret. Her kan medlem etterkvart</p>	



			sende inn saker, spørsmål og andre henvendelsar.	
	Arbeidsinstruks dagleg leiar		Tilsetjingsgruppa og dagleg leiar vil utarbeide ein endeleg arbeidsinstruks for dagleg leiar.	
	Saker til neste styremøte		Fly heile året hjå VisitVoss.	
	Dato neste styremøte		Fredag 21.09.22 kl 19:00.	